

Behandling i Kultur-, næring- og folkehelseutvalet - 04.02.2020

Kulturdirektør Heidi-Iren Wedlog Olsen orienterte om saka.

Erik Kursetgjerde (AP) fremma følgjande forslag:

- punkt 1, 2, 3, 5, 6, 7, 8, 9 og 10: medforslagsstillarar Line Hatmosø Hoem (AP), Henrik Stensønes (SP), Bernt Venås (SP) og Marit Nerås Krogsæter (SP)
- punkt 4: medforslagsstilla Line Hatmosø Hoem (AP)

«1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til den endra oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og fylkeskommune på kulturområdet. Likevel er Møre og Romsdal fylkeskommune bekymra over rammene for finansiering av desse oppgåvene, fordi det er framleis er uklart kva slags finansiering som følger med oppgåvene. Møre og Romsdal fylkeskommune har fått reduksjon i totale overføringer frå staten til si verksemd, og no som vi skal overta fleire statlege oppgåver og ansvar, reduserer staten også her på tilskotet rett før overføring skal skje. På denne måten sparar staten eigne midlar, medan den samtidig svekker fylkeskommunen sin økonomi og rolle som regional utviklingsaktør. Vi har sett det i forbindelse med overføring av oppgåver på fleire områder, som på kulturminnefeltet, fylkesvegadministrasjon og fiskerihamner, der oppgåvene overførast, men det ikkje følger midlar til å løyse desse. I verste fall kan dette vere med på å bygge ned kulturtildelninga i fylket - som det er brukt lang tid på å utvikle.

2. Kulturpolitikken er ei nasjonal satsing, og verkemiddel og tiltak på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå vil vere viktig for å realisere dei nye overordna kulturpolitiske målsettingane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at maktspreiing og ei tydeleg avklart ansvars- og oppgåvefordeling mellom forvaltingsnivåa vil vere viktig i denne samanhengen. Det hadde derfor vore ønskeleg med ei meir gjennomgripande oppgåveoverføring med **fullfinansiering** på fagområdet.
3. Eit sentralt mål med norsk kulturpolitikk er å legge til rette for eit nettverk av profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar over heile landet. Ein sentral nøkkelen for å få til dette, er delt finansiering mellom dei tre forvaltingsnivåa. I Møre og Romsdal er det 5 institusjonar med slik finansiering. Desse har alle ein sentral funksjon og rolle i det profesjonelle nasjonale kulturinstitusjonsnettverket i Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at dette skal halde fram, og er ikkje samd i at Operaen i Kristiansund i framtida berre skal få sitt driftstilskot frå fylkeskommune og vertskommune.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er skeptisk til å overta eit større finansielt ansvar for Teatret Vårt, Operaen i Kristiansund og dei tre regionsmusea. Om dette likevel blir gjennomført føreset vi at staten på grunn av regionalt fordelt eigarskap, ikkje blir den største tilskotsgivaren.
5. Møre og Romsdal ber om at økonomien i desse fem institusjonane omtalt i punkt 4) blir gått igjennom, slik at prinsippa for overføring tek omsyn til økonomisk status ved overføringstidspunktet.

6. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at husleigetilskota staten gir til Moldejazz og Teatret Vårt blir overført og lagt på ramma til fylkeskommunen. Føresetnaden er årleg prisjustering i trå med inflasjonen.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at dei regionale kompetansesentra for dans, musikk og film blir overført til regionane. For musikkområdet må framtidig rolle og fordeling av tilskot drøftast med Trøndelag fylkeskommune.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at fleire verkemiddel på området kulturell og kreativ næring blir tilført fylkeskommunen, då desse bør tilpassast regionale tilhøve.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at midlane til kulturføremål blir øyremerka i ei periode på 5-10 år, dersom overføring av oppgåver blir gjennomført
10. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at det skal vere det same prinsippet for finansiering og eigarskap som ligg til grunn for overføringane innan kulturfeltet. Dette for å sikre at regionale kulturinstitusjonar skal ha like vilkår uavhengig av kvar i landet dei er lokalisert.»

Votering:

Det vart votert alternativt over punkt 1 i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren og punkt 1 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire. Punkt 1 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire fekk 12 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot (FRP).

Det vart votert alternativt over punkt 2 i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren og punkt 2 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire. Punkt 2 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire fekk 12 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot (FRP).

Punkta 3, 5, 6, 7 og 8 i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren vart samrøystes vedteke. Dei same punkta i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire var likelydane med desse punkta i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren.

Det vart votert alternativt over punkt 4 i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren og punkt 4 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire. Punkt 4 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire fekk 8 røyster (AP, KRF, SV, H, NML, SUNML) og vart vedteke. 5 røysta mot (SP, MDG, FRP).

Det vart votert alternativt over punkt 9 i tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren og punkt 9 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire. Punkt 9 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire fekk 11 røyster og vart vedteke. 2 røysta mot (FRP, 1H Kjersti Andersen).

Punkt 10 i forslaget frå Erik Kursetgjerde med fleire fekk 12 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot (FRP).

Tilråding frå Kultur-, næring- og folkehelseutvalet - 04.02.2020

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til den endra oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og fylkeskommune på kulturområdet. Likevel er Møre og Romsdal fylkeskommune bekymra over rammene for finansiering av desse oppgåvene, fordi det er framleis er uklart kva slags finansiering som følger med oppgåvene. Møre og Romsdal fylkeskommune har fått reduksjon i totale overføringer frå staten til si verksemrd, og no som vi skal overta fleire statlege oppgåver og ansvar, reduserer staten også her på tilskotet rett før

overføring skal skje. På denne måten sparar staten eigne midlar, medan den samtidig svekker fylkeskommunen sin økonomi og rolle som regional utviklingsaktør. Vi har sett det i forbindelse med overføring av oppgåver på fleire områder, som på kulturminnefeltet, fylkesvegadministrasjon og fiskerihamner, der oppgåvene overførast, men det ikkje følger midlar til å løyse desse. I verste fall kan dette vere med på å bygge ned kulturtildobet i fylket - som det er brukt lang tid på å utvikle.

2. Kulturpolitikken er ei nasjonal satsing, og verkemiddel og tiltak på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå vil vere viktig for å realisere dei nye overordna kulturpolitiske målsettingane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at maktspreiing og ei tydeleg avklart ansvars- og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa vil vere viktig i denne samanhengen. Det hadde derfor vore ønskeleg med ei meir gjennomgripande oppgåveoverføring med **fullfinansiering** på fagområdet.
3. Eit sentralt mål med norsk kulturpolitikk er å legge til rette for eit nettverk av profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar over heile landet. Ein sentral nøkkelfor å få til dette, er delt finansiering mellom dei tre forvaltningsnivåa. I Møre og Romsdal er det 5 institusjonar med slik finansiering. Desse har alle ein sentral funksjon og rolle i det profesjonelle nasjonale kulturinstitusjonsnettverket i Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at dette skal halde fram, og er ikkje samd i at Operaen i Kristiansund i framtida berre skal få sitt driftstilskot frå fylkeskommune og vertskommune.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er skeptisk til å overta eit større finansielt ansvar for Teatret Vårt, Operaen i Kristiansund og dei tre regionsmusea. Om dette likevel blir gjennomført føreset vi at staten på grunn av regionalt fordelt eigarskap, ikkje blir den største tilskotsgivaren.
5. Møre og Romsdal ber om at økonomien i desse fem institusjonane omtalt i punkt 4) blir gått igjennom, slik at prinsippa for overføring tek omsyn til økonomisk status ved overføringstidspunktet.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at husleigetilskota staten gir til Moldejazz og Teatret Vårt blir overført og lagt på ramma til fylkeskommunen. Føresetnaden er årleg prisjustering i trå med inflasjonen.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at dei regionale kompetancesentra for dans, musikk og film blir overført til regionane. For musikkområdet må framtidig rolle og fordeling av tilskot drøftast med Trøndelag fylkeskommune.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at fleire verkemiddel på området kulturell og kreativ næring blir tilført fylkeskommunen, då desse bør tilpassast regionale tilhøve.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at midlane til kulturføremål blir øyremerka i ei periode på 5-10 år, dersom overføring av oppgåver blir gjennomført.
10. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at det skal vere det same prinsippet for finansiering og eigarskap som ligg til grunn for overføringane innan kulturfeltet. Dette for å sikre at regionale kulturinstitusjonar skal ha like vilkår uavhengig av kvar i landet dei er lokalisert.